

## **Reglement for Tysnes ungdomsråd (ungdomsrådet)**

**Revidert etter vedtak i kommunestyret 41/23 26.09.23**

### **§ 1 Formål:**

Ungdomsrådet

- a) skal arbeida for ungdomar sine interesser
- b) skal vera ungdommens talerøyr ovanfor politikarar og andre avgjerdstakarar
- c) skal ha en rådgivande rolle for kommunen i aktuelle saker, og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld ungdom.
- d) kan også ta opp egne saker.

Ungdomsrådet er et partipolitisk uavhengig organ.

### **§ 2. Samansetjing og organisering**

- a) Det er kommunestyret som veljar ungdomsrådet etter innstilling frå valnemnda.
- b) Valperioden for ungdomsrådet er to år. For å sikra både kontinuitet og fornying skal halvparten av rådet på val kvart år.
- c) Ungdomsrådet skal ha 7 medlemmer og inntil fire varamedlemmer i opprykk.
- d) Ungdomsrådet skal vere breiast mogleg representert når det gjeld alder, kjønn og geografisk busetjing. Det skal vera minimum 40 % representasjon ut frå kjønn og minimum ein representant frå kvart klassetrinn i ungdomsskulen. Det bør vera minimum ein representant frå vidaregåande skule. Så langt det lar seg gjere bør alle bygdene vera representert i rådet.
- e) Den som har meld flytting frå kommunen kan ikkje halda fram som medlem i rådet. Varamedlem stiller då som representant fram til neste val. Bortebuande elevar på vidaregåande skule kan vera medlem i rådet.
- f) Det er høve til å søkje om fritak frå vervet ved sjukdom eller andre årsaker som gjer at vedkommande ikkje vidare kan ivareta oppgåva som rådsmedlem. Søknad om fritak og suppleringsval er lagt til kommunestyret.
- g) Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv kvart år på fyrste møtet etter valet. Det skal då veljast:
  - leiar
  - nestleiar
- h) Alle valde medlemmer har rett på tilstrekkeleg opplæring til å fylle si rolle i ungdomsrådet.

- i) Ungdomsrådet skal gjevast tilstrekkeleg sekretariatshjelp i tråd med *forskrift om medvirkningsordninger*. Dette ansvaret ligg hos rådmannen.

### § 3. Møter

- a) Ungdomsrådet skal ha fem faste møter i året. Møta følgjer ein fastsett plan som er koordinert med den politiske møtekalenderen. Møta skal som hovudregel avviklast 14 dagar før kommunestyremøte.

Utover dette kan ungdomsrådet ha møte når leiar finn det nødvendig eller når minst halvparten av medlemmene krev det.

- b) Ungdomsrådskoordinator skal i samarbeid med leiar sende ut møteinnkalling sju dagar før møtet.  
c) Leiar i ungdomsrådet er møteleiar. Dersom leiar meldar forfall, trer nestleiaren inn. Dersom leiar og nestleiar ikkje er til stade skal rådet velje møteleiar.

Leiar har ansvar for

- Gjennomføring av møtet
- Godkjenne innkalling og protokoll
- Gjennomgang av sakslista

- d) Medlemmene skal til ein kvar tid komme førebudd til møta. Alle medlemmene må ha lest innkallinga og vedlagde saker.  
e) Det er møteplikt i ungdomsrådet.  
f) For at organet skal vera vedtaksføre må minst halvparten av representantane vera til stades. Ved likt stemmetal har leiar dobbelstemme.  
g) Er eit medlem ugild i ei sak, plikter denne å melde frå om dette til rådet før saka vert handsama.  
h) Ungdomsrådet kan gjennom å varsla ordføraren, eller utvalsleiar, seinast ein dag før det aktuelle møtet verta gjeven rett til framføra uttale i ein sak, føre kommunestyre eller utval. Desse uttalane skal følgje saksdokumenta.  
i) Ungdomsrådet skal utarbeide ein årsmelding kvart år som leggast fram for kommunestyret.  
j) Møta skal vere opne for publikum, men rådet kan på lik linje med andre politiske utval handsama saker i lukka møte når det er ynskje om dette, og det er høve til det, eller påbod om det i lovverket.  
k) Saksliste og protokoll frå møta skal leggjast ut på Tysnes kommune sine nettsider etter same mal som andre politiske møter. Ungdomsrådets uttale i ei sak skal følgje med saksdokumenta.

### §4 Godtgjersle

Medlemmane får møtegodtgjersle i tråd med *Forskrift om godtgjersle m.m. til folkevalde, Tysnes kommune, Hordaland* som ein finn på Lovdata.no.  
Medlemmane får dekka reisekostnader i samband med møte i rådet.